



Den svært lovande sangfuglen på Brekketoppen, 14 år gamle Ronya Lakselv, song i den store, tradisjonelle julekonserten i Oddakyrkja ikveld og gjorde stor lukke. - Ho var kjempeflink og tok oddingane med storm, seier arrangør Gunn Gravdal Elton til uskedalen.no
Ronya song Bob Dylans vakre Ring Them Bells og gjentek den i morgon kveld då konsert nummer 2 vert avvikla. Gunn melder om 2 fulle hus og rundt 700 tilhøyrarar også dette året.

- Blant dei meir enn 20 som var med i konserten og som ligg på eit høgt nivå skal det noko til å hevda seg, men det gjorde Ronja i høgste grad, seier Gunn.

Ein målsetting med desse konsertane er å gje lokale artistar ein plattform. Ikkje minst viktig er det å gje ungdommar større moglegheiter til å visa seg fram, gjerne i store sammenhengar og saman med eldre og meir profesjonelle artistar.

Og det skjer no med Ronya i Odda.

Nærare jul skal ho syngja på heimebane - i kyrkja vår.

Tekst og nett. Ola Matti Mathisen

Foto: Lars Elton

Hvis uskedelinger har lyst til å ta ein tur på konserten fredag, kan dei kontakte oddakonsertene@gmail.com